



Vedtekter for kommunale barnehagar i Alver kommune

Vedtekne i kommunestyret.....

1. Eigartilhøve

Barnehagen er eigd og vert driven av Alver kommune.

2. Lovverk

Barnehagen vert driven i samsvar med Barnehagelova m/ forskrifter, gjeldande lover, forskrifter og retningslinjer frå Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet, og til ei kvar tid gjeldande kommunale planar.

3. Barnehagelova § 1 Formål

Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.

Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering. (Barnehagelova § 1).

4. Organisering

Dei kommunale barnehagane i Alver er organiserte i eit tenesteområde. Tenesteområdet er leia av tenesteleiar og kvar barnehage har eigen styrar.

Personalet

Alver kommune følgjer Barnehagelova si norm for bemanning.

I Barnehagelova § 17 Styrar står det mellom anna: *Barnehagen skal ha en forsvarlig pedagogisk og administrativ leiing.*

I Barnehagelova § 17 a Pedagogisk bemanning står det mellom anna: *Pedagogiske ledere må ha utdanning som barnehagelærer. Likeverdig med barnehagelærerutdanning er annen treårig pedagogisk utdanning på høgsolenivå med vidareutdanning i barnehagepedagogikk.*

I Barnehagelova § 18 Grunnbemanning står det mellom anna: *Bemanningen må være tilstrekkelig til at personalet kan drive en tilfredsstillende pedagogisk virksomhet. Barnehagen skal minst ha en ansatt per tre barn når barna er under 3 år og en ansatt per seks barn når barna er over tre år. Barn*



skal regnes for å være over tre år fra og med august det året de fyller tre år.

Arealutnytting

Rettleiande norm for barns leikeareal inne er 4 kvadratmeter netto per barn over 3 år og om lag 1/3 meir per barn under 3 år. Utearealet i barnehagen bør vere om lag seks gonger så stort som leike- og opphaldsarealet inne.

5. Barnehagelova § 12 a Rett til plass i barnehage

Barn som fyller ett år senest innen utgangen av det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage fra august i samsvar med denne loven med forskrifter.

Barn som fyller ett år i september, oktober eller november det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage fra den måneden barnet fyller ett år i samsvar med denne loven med forskrifter.

Barnet har rett til plass i barnehage i den kommunen der det er bosatt.

Søknadsfrist til opptaket fastsettes av kommunen.

Deltidsplassar kan verte gjeve for eitt år om gangen.

6. Barnehagelova § 12 Samordna opptaksprosess i kommunen

I paragraf 12 står det mellom anna:

Alle godkjente barnehager i kommunen skal samarbeide om opptak av barn. Kommunen skal legge til rette for en samordnet opptaksprosess, der det tas hensyn til barnehagens mangfold og egenart.

Oppvekstavdelinga administrerer opptaket i nært samarbeid med styrarane. Alle barnehagar er gjort kjende med rutinane i opptaket. Barnehagen sin opptakskrets og opptakskriterie skal vere definerte i den einskilde barnehagen sine vedtekter.

Søknadsfrist til hovudopptaket er **1.mars**. Kommunen tek i mot søknadar heile året, og ledige plassar vert tildelt som omtalt i punkt 7 i vedtektene.

Barn som står på venteliste må sende ny søknad til hovudopptaket.

Dersom ein har barnehageplass i kommunal barnehage i Alver, og i hovudopptaket søker og takkar ja til tilbod i anna barnehage, vert dette å sjå på som ei oppseiing av den plassen ein allereie har.

Barn som har fått plass i kommunal barnehage får behalde plassen til dei begynner på skulen, eller til foreldre / føresette skriftleg seier opp plassen.

Oppseiing/endring av plass

Endring av plass kan i utgangspunktet berre skje dersom det ikkje fører til at det blir ståande tomme plassar i barnehagen.

Oppseiing av plassen må sendast skriftleg til barnehagen seinast 2 månader før sluttdato, og seinast innan 1.februar. Dersom eit barn sluttar etter 1.april, vert det kravd betaling for resten av barnehageåret.



7. Opptakskriterie

Barn busette i Alver kommune vert prioriterte ved opptaket. Dei kommunale barnehagane i Alver har berre heildagsplassar.

Opptaket vert gjort i høve til § 12 a og § 13 i Barnehagelova. Opptak vert gjort på bakgrunn av prioriteringane i søknaden. Styrar har rom til å gjere faglege skjønnsvurderingar i høve til gruppesamansetting, alder, kjønn og søsken. Dette for å sikre stabilitet og god kvalitet i barnegruppa.

Barnehagelova § 12 a Rett til plass i barnehage: *Barn som fyller ett år senest innen utgangen av august det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage fra august i samsvar med denne loven med forskrifter.*

Barn som fyller ett år i september, oktober eller november det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til til å få plass i barnehage fra den måneden barnet fyller ett år i samsvar med denne loven med forskrifter.

Barnet har rett til plass i barnehage i den kommunen der det er bosatt.

Søknadsfrist til opptaket fastsettes av kommunen.

Barnehagelova § 13 Prioritet ved opptak: *Barn med nedsett funksjonsevne har rett til prioritet ved opptak i barnehage. Det skal foretas en sakkyndig vurdering for å vurdere om barnet har nedsatt funksjonsevne.*

Barn som det er fattet vedtak om etter lov om barnevernstjenester §§ 4-12 og 4-4 annet og fjerde ledd, har rett til prioritet ved opptak i barnehage.

Kommunen har ansvaret for at barn med rett til prioritet får plass i barnehage.

Ved suppleringsopptak av barn som **ikkje** fyller retten til plass, skal barn med nedsett funksjonsevne og barn med vedtak etter lov om barnevernstjenester ha 1.prioritet.

Vidare opptak vert gjort på bakgrunn av prioriteringane i søknaden:

1. Barn med lovmessig rett, men som har søkt etter 1.mars.
2. Barn utan lovmessig rett vert tatt inn etter høgste alder og / eller fagleg skjønnsvurdering etter gruppesamansetting, alder, kjønn, søsken.

Forskrift om sakshandsaming ved barnehageopptak § 6.

Søkjarar som får avslag på søknad om barnehageplass, og søkjarar som ved tildeling av barnehageplass verken får sitt første eller andre ønskje om barnehageplass oppfylt, kan klage på avgjerda. Retten gjeld kun søkjarar som har søkt om barnehageplass innan søknadsfristen kommunen har fastsett jfr Barnehagelova § 12a.

8. Foreldrebetaling

ALVER KOMMUNE

Vi byggjer Alver kommune



Kommunestyret fastset foreldrebetalinga. Alver kommune følgjer statlege pålegg om foreldrebetaling. Foreldre / føresette betalar for 11 månader i året. Betalinga vert fakturert kvar månad. Kommunestyret fastsett sats for matpengar og gebyr ved for sein henting.

9. Opningstider / barnehagerute

Barnehagane har 10 timar opningstid kvar dag måndag til fredag. I hovudsak er opningstida frå kl. 07.00 – 17.00, men grunna lokale tilpassingar, kan det vere variasjonar i opningstidene.

Barna har tilbod om plass i 12 månader. Barnehageåret startar medio august. Barnehagen følgjer barnehageruta og er stengd for barn på julaftan og nyttårsaftan. Onsdag før påske er barnehagen open til kl.12.00. Barnehagen har 5 planleggings-/ kursdagar i året jfr. barnehageruta. Desse dagane er barnehagen stengt.

Ferieavvikling for barna

Dei kommunale barnehagane er i hovudsak open 12 månader i året. Unntak kan vere Austebygd og Marihøna, som grunna organiseringa av ferieavvikling må halde stengt i inntil 2 veker i juli månad. Informasjon om kva veker barnehagen eventuelt vil vere stengt, skal gjevast til foreldre/ føresette innan 1.mai. Dette skal ha vore drøfta med barnehagen sitt samarbeidsutval.

Styrrar, i samråd med tenesteleiar for barnehage, avgjer korleis barnehagetilbodet skal organiserast i ferieavviklinga. Tilbodet skal imøtekomme brukarane sitt behov for eit forsvarleg barnehagetilbod.

Barna skal sikrast 4 veker ferie kvart barnehageår. Tre av ferievekene skal vere samanhengande og takast ut mellom medio juni - medio august. Den siste ferieveka kan takast ut som 5 virkedagar. Sommarferie må meldast til styrrar innan 15. april, anna ferie må avtalast minst to veker før ferie skal avviklast.

Som grunnlag for planlegging av bemanning og god ressursutnytting, sender styrrar ut skjema med påmelding for dei som skal nytte plassen sin på dei inneklemta dagane i jule-, nyttårs- og påskehelga.

10. Frammøte ved sjukdom

Styrrar avgjer om eit barn p.g.a. sjukdom ikkje kan vere i barnehagen. Avgjerda vert teken på bakgrunn av retningsliner frå Folkehelseinstituttet.

11. Kommunen sitt ansvar

I Barnehagelova § 8 Kommunens ansvar står det mellom anna:
Kommunen er lokal barnehagemyndighet. Kommunen skal gi veiledning og påse at barnehagene drives i samsvar med gjeldende regelverk.

I Barnehagelova § 16 Tilsyn står det mellom anna:
Kommunen fører tilsyn med virksomheter etter denne lov.



12. Styringsverk

I Barnehagelova § 4 Foreldreråd og samarbeidsval står det mellom anna:

For å sikre samarbeidet med barnas hjem, skal hver barnehage ha et foreldreråd og et samarbeidsutvalg.

Samarbeidsutvalget består av foreldre/foresatte og ansatte i barnehagen, slik at hver gruppe er likt representert. Barnehagens eier kan delta etter eget ønske, men ikke med flere representanter enn hver av de andre gruppene.

Tenesteleiar / styrar har møte- og uttalerett, men ikkje stemmerett. Styrar kallar inn til første møte, seinare er dette leiar i SU si oppgåve.

13. Barnehagelova § 20 Taushetsplikt

For virksomheter etter denne lov gjelder reglene om taushetsplikt i forvaltningsloven §§13 til 13f tilsvarende.

14. Internkontrollsystem

Kvar barnehage skal ha eit internkontrollsystem som dokumenterar at helse, miljø og sikkerheit er ivareteken i høve til system for kvalitetsstyring i Alver.

15. Barnehagelova § 19 Politiattest. Her står det mellom anna:

Den som skal ansettes fast eller midlertidig i barnehage skal legge fram politiattest som nevnt i politiregisterloven § 39 første ledd. Barnehageeier og kommunen som barnehagemyndighet kan kreve politiattest som nevnt i første ledd for andre personer som regelmessig oppholder seg i barnehagen eller har vesentlig innflytelse på barnehagens drift.

16. Barnehagelova § 23 Helsekontroll av barn og personale

Før et barn begynner i barnehage, skal det legges fram erklæring om barnets helse. Dersom barnet har møtt til de ordinære undersøkelser på helsestasjon, kan slik erklæring gis av barnets foresatte. Barnehagens personale har plikt til å gjennomgå tuberkulosekontroll i henhold til gjeldende regelverk.

17. Vedtektsendringar

Endringar i vedtektene skal godkjennast av kommunestyret.

Endringar i Barnehagelova som fører til vedtektsendring, skal ikkje godkjennast i kommunestyret. Desse endringane kan gjerast administrativt og meldast til kommunestyret.